



## UTLÅN OG LEIGE AV ÅSERAL FLEIRBRUKSHUS

Åseral fleirbrukshus har 4 lokalar til leige til trening og arrangement.

- Fleirbrukshall
- Gamle gymsal
- Symjehall
- Kantine

### Kven kan leige?

- Idrettslag, andre lag og foreiningar samt privatpersonar over 18 år har høve til å leige hallen.
- Organisert aktivitet blir prioritert i tildeling av treningstider.
- Born og unge vert prioritert i tildeling av treningstider.
- Organisert aktivitet må vike for større arrangement.

**Som leigar er du ansvarleg for at fylgjande reglar vert fylgt: (eigne reglar for dei einskilde lokala på neste side)**

- Ansvarleg leigar skal lese og setje seg inn i branninstruks.
- Ved trening skal vaksen ansvarleg halde kontroll med garderobar og hall for å hindre ukontrollert trafikk og hærverk.
- Ved arrangementet skal leigar sørge for naudsynt vakthald og har ansvar for ro og orden i lokalet.
- Forlat lokalet i den stand du ynskjer å finne det.
- Dersom punkta i dette dokumentet ikkje vert overheldt, kan ansvarleg leigetakar bli fakturert jfr. gjeldande prislister.
- Leigar kan stillast ansvarleg og erstatningspliktig for skadar på lokalet, inventar eller utstyr dersom skaden har oppstått ved aktaus oppførsel av alle slag. Vaktmeister skal alltid varslast snarleg i etterkant av alle hendingar.
- Forlat fleirbrukshuset før 23:30 for å ikkje løyse ut alarmen.

### Nøkkel

- Nøkkel og nøkkelbrikke er personleg og skal ikkje lånast ut til andre.
- Ved enkeltarrangement kan nøkkel hentast på rådhuset.
- Ved fast treningstid får du eigen nøkkelbrikke som er aktiv i avtalt tidsrom. Utlevering avtalast ved booking.
- Nøkkel passar til døra til søppelrommet under tunnelen.

### Informasjon:

- Hjartestartar er plassert i vestibyle v/trappeoppgang hall, venstre side.
- Det er installert alarm i fleirbrukshuset.
- Eining for drift og vedlikehald, vakttelefon fredag kl. 15:00 – måndag kl. 08:00 – tlf. 970 96 200

### FLEIRBRUKSHALL

- Baskethall med scene og teleskoptribune.
- Det er 300 sitjeplassar i tribune i hallen. Hall er godkjent for 380 personar. (Unntak er 17. mai der det er gitt dispensasjon for inntil 600 personar).
- Utstyrsrom med treningsutstyr.
- Treningstider kan bookes vekedagar etter skuletid.
- Arrangement kan bookes vekedagar etter skuletid og i helger.
- Tribune må tingast særskilt.
- Lydanlegg må tingast særskilt.
- Ventilasjon må tingast særskilt.

### Før du reiser:

- Rydd treningsutstyr på plass etter bruk
- Mopp over golv og tørk av bord/stolar om dei har vore i bruk. (utstyr i vaskerom ved hovudinngong)
- Søppel skal takast ut i søppelrom under tunnelen (kvit dør ved port)
- Sløkk ljós i alle rom som har vore i bruk.
- Lås dører til garderobar, korridor og hallen.

## GAMLE GYMSAL

- Gymsal med tribune, projektor og enkelt lydanlegg.
- Det er 70 sitjeplassar i tribune i gamle gymsalen. Det er mogleg å supplere med stolar opp til 120 personar.
- Bygdekinoen er prioritert ved booking.
- Tribunen er som hovudregel ute. Innkøyring av tribune må tingast særskilt.

### Før du reiser:

- Rydd utstyr på plass etter bruk
- Mopp over golv og tørk av bord/stolar om dei har vore i bruk. (utstyr i vaskerom ved hovudinngong)
- Sjøppe skal takast ut i søppelrom under tunnelen (kvit dør ved port)
- Sløkk ljøs i alle rom som har vore i bruk.
- Lås dører til garderobar, korridor og hallen.

## KANTINE

- Kantine med bord og stolar, plass til 150 pers.
- Kantinekjøkken med kokeplate, combidamp, kjøll og steamer.
- Skulekjøkken skal IKKJE brukast med mindre det er gjort særskilt avtale med skulen om det.

### Når du kjem:

- Slå på ventilasjon og straum på bryter ved inngong til skulekjøkken (over søppelstativet)
- Det er bruksanvisning på combidamp og steamer.
- Det er eingongsfiller i dispenser på kjøkkenet og koppehandkler i vaskerom ved hovudinngong.

### Før du reiser:

- Ta ut all søppe. Kast i søppelrom under tunnelen. Det skal ikkje stå igjen kassar eller flaskar ved inngangsdøra!
- Ta med deg all mat heim – det skal ikkje stå igjen noko privat mat i kjøla.
- Tørk av overflater
- Hekt stolar opp på bordet
- Mopp over gulvet. Mopp står klar på kjøkkenet.
- Alt dekketøy må gjennom steamer.
- Bestikk skal gjennom steamer to gonger
- Sjekk at rødt dør er ordentleg lukka (dra i den for å få den i lås)

## SYMJEHALL

- Oppvarma basseng (12,5m) med badstove og to tilhøyrande garderobar.
- Privatpersonar over 18 år kan leige bassenget.
- Badstove vert ikkje leigd ut til privatpersonar.
- Privat lån av symjehall skjer på eige ansvar.
- Ved privat lån av symjehallen er det obligatorisk å delta på informasjonsmøte og livredningskurs som vert arrangert kvar haust.
- Ved privat lån av symjehallen skal det alltid vere to vaksne til stades.
- Alle som er badevakter ved arrangementer skal vere over 18 år og ha godkjent livredningskurs, ikkje eldre enn 1 år. Det vert arrangert slike kurs kvar haust.
- Ved privat lån av symjehall kan ein booke inntil to timar i veka. Ved mange søkjarar kan det reduserast til ein time, og ein må rekne med å dele symjehallen med andre.

### Når du kjem:

- Lås deg inn i symjehallen
- Lås deg inn i vaktrom
- Ta opp trekket. Bryter på vegg i vaktrommet.
- Lås opp korridor og garderobar.
- Alle skal dusje og vaske seg med såpe utan badetøy før dei går i bassenget.

### Før du reiser:

- Rydd på plass alt brukt utstyr
- Ta ned trekket via bryter på vaktrommet. Følg med at det ikkje krøller seg.
- Bruk vannstøvsugar i badstove.
- Sløkk ljøs i alle rom som har vore i bruk.
- Sjøppe skal takast ut i søppelrom under tunnelen (kvit dør ved port)
- Lås dører til korridor og garderobar.
- Sjekk at luka på vaktrommet er låst.
- Signer på lista på vegg ved døra i symjehallen. Skriv opp eventuelle avvik.

## BRANNINSTRUKS VED UTLEIGE AV ÅSERAL FLEIRBRUKSHUS

- Leigetakar skal ha ein person som er ansvarleg for at denne branninstruks blir fylgd og at denne personen er tilstades under heile arrangementet.
- Denne personen skal saman med ein representant frå Fleirbrukshuset gå gjennom branninstruksen. Leigetakar skal gjera seg kjent i bygget.
- Leigetakar skal vera kjent med plassering og bruk av brannslangar og pulverapparat. (sjå bakside av dette arket)
- Leigetakar skal vera kjent med rømningsveggar i bygget. Han skal og påsjå at alle rømningsveggar er frie, dvs. at det ikkje er plassert bord, stolar eller liknande som kan hindra bruk av rømningsvegane.
- Alle branndører skal vera lukka, dvs. at dørpumper ikkje er demontert, kilar under dørene eller liknande. Dette gjeld ikkje dører som er magnetholdarar på og er kopla opp mot brannalarmanlegget.

### VED BRANN/BRANNVARSLING:


- Ring brannvesen på tlf. 110. Opplys kven som ringer og kor det brenn
- Evakuer på ein rolig måte. Alle samlast på plassen utanfor Fleirbrukshuset. Kontroller at toalett/garderobber er tomme.
- Lukk alle dører og vindauger
- Lokaliser brannen og prøv å sløkkja
- Møt brannvesenet og informere desse

## UTLÅN - OG ORDENSREGLAR FOR KOMMUNALE BYGG I ÅSERAL

1. Kommunale bygg er ope for alle lovlege føremål. Ingen kan nektast grunn av religiøs eller politisk oppfatning. Utlån kan likevel nektast til føremål som kan påføre lokale skader, eller som kan vere til stor sjenanse for naboar.
2. Det er strenge reglar for overnatting i bygningar som ikkje er reikna for dette føremålet.  
Sjå [Melding om overnatting \(brannsor.no\)](#)
3. Prisen for leige av kommunale lokaler blir fastsett i budsjettet, sjå [www.aseral.kommune.no](http://www.aseral.kommune.no), prislister.
4. Inventar og dekketøy i det ein skilde bygg skal ikkje ut av bygget. Leigar er sjølv ansvarleg for å sette seg inn i kva inventar og dekketøy som er i aktuelt lokale.
5. Den ansvarlege leigar skal vere minst 18 år. Leigar er erstatningsansvarleg for skadar på inventar, utstyr, bygningar og uteområde som måtte oppstå i samband med eller som følgje av tilstellingar. Leigar er og ansvarleg for at alle rettar seg etter gjeldande ordensreglar. Ved tilstelling for ungdom skal ansvarleg leigar, eller representant for denne, over 18 år, vera fysisk til stades ved arrangementet heile tida. Utleigar ser særleg til at det er tilstrekkeleg vakt og tilsyn om aktiviteten strekkjer seg utover kvelden/natt – då særleg i helgene. Idrettsarrangement i fleirbrukshallen i regi av ÅIL kan etter avtale unntas frå aldersgrensa.
  - Leigar kan berre bruka den delen av huset og utstyret som det er gjort avtale om.
  - Ein bør unngå at arrangement vert lagt til dagar med faste aktivitetar for eksempel i fleirbrukshallen. Treningar, øvingar eller andre faste aktivitetar må likevel vike for andre arrangement, når utleigar vurderer desse som viktigare.
  - Utleigar er ansvarleg for at leigar har høve til å gjere seg kjent med ordensreglar, brannvernreglar og bruk av hjartestartar. Nye leigetakarar pliktar å delta på opplæring. Åseral idrettslag køyrer intern opplæring.
  - Det er tillate å nyta alkohol i lukka selskap. Dette kan gjelda bryllaup, årsmølsdagar og liknande. I barnehagen, skulen og fleirbrukshuset er det likevel ikkje høve til å nyta alkohol. Leigar skal opplysa til utleigaren om det vil bli nytta alkohol.
  - Reingjering og rydding har ulik rutine frå lokale til lokale, og skal utførast etter avtale med reinhaldsavdelinga i eining for drift og vedlikehald.
  - Offentlege tilstellingar skal vera slutt kl. 23:30. om ikkje anna er avtala. Sluttidspunktet for private tilstellingar vert fastsett etter avtale med utleigar.
  - Utleigar kan setje vilkår og gje pålegg som leigar pliktar å rette seg etter.
  - Ved brot på ein eller fleire av desse reglane kan leige nektast for kortare eller lengre tid. Vedtak om dette blir fatta av kommunedirektør, men kan påklagast til formannskapet som avgjer saka med endeleg verknad.
6. Kommunedirektøren har fullmakt til å utarbeida reglar for spesielle område og installasjonar i kommunale bygg i Åseral. Dette gjeld symjehallen, AV-utstyret og køyring av teleskoptribunane i fleirbrukshallen og oppfølging av grendehusa Kylland og Lognavatn. Desse reglane skal baserast på ovannemnde utlån – og ordensreglar.

Vedteke av kommunalutvalet 16.06.2009, sak 09/55 / revidert 21.06.2022

# ORIENTERINGSPLAN 1. ETG FLERBRUKSHUS



- Brannsoner
- I tillegg brann
- KUN Tappet
- Håndtakker
- Røykålskåp
- Verneutektor
- Brannmelder
- Røykdetektorer
- Utgang
- Røktutgang
- Røktutgang
- Løsløst
- Nøtterhjul og / retning
- Røktutgang, røktutgang
- Brannmelder, røktutgang, ERO
- Brannmelder, røktutgang, ERO
- Brannmelder, røktutgang, ERO

